



Dei som kjem på arrangementet kan glede seg til å høyre meksikanske Diani Garcia. (Foto: Magne Fitjar)

**Eldsjeler har denne våren arbeidd for å få ny aktivitet på den flotte Stemneplassen i bygda. Tirsdag førstkommende skjer det! Då skal styret i friluftslaget ha eit familiearrangement med stor breidde i programmet. Med det gode veret som er meldt, vert det heilt sikkert ein kjekk kveld på den flotte samlingsplassen.**

Kristian Olav Bringedal fortel om eit program som er tilpassa ramma som stemneplassen er. Sjølvagt vert det mykje sang og musikk, men det vert og andre aktivitetar som passar på eit slikt utearrangement. Uskedal Musikklag opptrer med eit program som m.a. inneheld marsjar, valsar og tyrolermusikk. Kort sagt publikumsvennleg musikk. Kristian har saman med andre hatt populære allsangprogram dei siste somrane. Han lovar å følgje dette opp tirsdayskvelden.

Eit ekstra spennande sanginnslag vert det og! Latinamerikanske rytmar vert det når Diani Garcia frå Mexico presenterer fengande singlar frå heimlandet. Jenta bur for tida i Kvinnherad, og vi som har høyrte henne før, gleder oss stort til å høyre ho igjen. Her vert det vakker sang til eige gitarakkompagnement!



Kristian Bringedal lovar høg allsangfaktor på Stemneplassen. Her saman med Reidar Myklebust på eit av det populære allsangprogramma på Systrene Nilsen sist sommar.(Foto: Ola Matti Mathisen)

På programmet står og ein enkel natursti til Skårhaugstoppen og ned att.

Det er gratis å komme inn, men det vert loddosal med lokale bøker som gevinstar. Inntektene skal gå til drifta av Stemneplassen.

Styret håpar på godt fram møte. Det kan vere opptakten til fleire arrangement på plassen som det gjennom åra har vore så mange koselege tilskipingar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.